

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 09.05.2017

Diverse orienteringar:

Utvalsleiar orienterte om at dei planlegg ei reise for utvalet. Han vil komme attende med eit forslag. Han ber om fullmakt frå utval for opplæring og helse, slik at opplæringsdirektøren og han kan arbeide vidare med saka. Danmark og Østerrike var nemnt som to mogelege land å besøke. Han bad utvalet om å halde av desse datoane: den 25.10.17, den 26.10.17 og den 27.10.17. Han ønska og innspel til tema for turen.

Opplæringsdirektør orienterte om ei aktuell sak som var ute høyring. Høyring av endring i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen. Høyringsfrist: 04.09.2017.

<https://www.udir.no/om-udir/hoyringar/#131>

Kjetil Hestad (A) ønskjer at møta i utval for opplæring og helse skal haldast ute i kommunane så sant det høver. Dette vart støtta av utvalsleiar.

Rosalind Fosse (Frp) viste til ei sak på Osterøy vidaregåande skule der nokre russ vart nekta å gå med russedrakt på skolen. Opplæringsdirektøren orienterte om saka.

Dei politiske sakene vart handsama i denne rekkefølge: PS 58/17, PS 56/17, PS 57/17. PS 50/17- PS 55/17. PS 59/17 - PS 63/17.